

# RETTLEIING FOR UTFYLLING AV SØKNADEN

## **Søkjær:**

Salsløyve for øl med lavare alkoholinnhald enn 4,75 volumprosent skal gjevast til den “for hvis regning” verksemda skal drivast. Løyvehavar kan vere ein fysisk eller juridisk person, t.d. eit ansvarleg selskap, eit aksjeselskap eller ei anna samanslutning. Løyvet skal gjevast til den som har det økonomiske ansvaret for sjølve salsverksemda, dvs. driftsselskapet. Dersom utsalsstaden skal drivast som enkeltmannsforetak, skal løyve gjevast til vedkomande fysiske person. Dersom det er ein juridisk person som står for drifta, skal løyve gjevast til denne. Løyve kan berre gjevast til lovleg stifta juridisk person.

## **Eigar(ar):**

Dette punktet skal fyllast ut med namn, adresse, personnummer (for fysiske personar med eigarinteresser), foretaksnummer og aksjeeigarar (for firma med eigarinteresser). Alle eigarandelar skal oppførast i prosent.

## **Vandelskrav:**

Sentrale personar i verksemda må ha vist uklanderleg vandel. Kravet rettar seg mot løyvehavar og person som eig vesentleg del av verksemda eller vesentleg del av selskap som driv verksemda, eller som tek ut ein vesentleg del av verksemda sine inntekter.

Vandelskravet rettar seg også mot person som i kraft av si stilling som leiar har vesentleg innverknad på verksemda. Dette vandelskravet betyr at desse personane ikkje kan ha brote relevant lovgjeving, dvs. alkohollovgjevinga, reglar i anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sitt formål, samt skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga.

Kommunen kan be om at søkjær gjer greie for kven det er relevant å vurdere i høve til vandel. Kommunen kan også be om at søkjæren dokumenterer vandelen til kvar person i den grad dette er mogleg, t.d. ved å legge fram skatteattestar. Kommunen kan vidare be om uttale om vandel frå politiet og skatte- og avgiftsstyresmaktene.

## **Styrrar og stedfortredar:**

For kvart løyve skal det utpeikast ein styrrar med stedfortredar som må godkjennast av den som tildeler løyva. Styrrar og stedfortredar må vere tilsett på skjenkestaden eller arbeide i verksemda i kraft av eigarstilling. Som styrrar kan berre utpeikast den som har styringsrett over ølsalet, herunder ansvaret for å føre tilsyn med utøving av løyvet. Når styrrar er fråværande overtek stedfortredar styrrar sine plikter. Løyvehavaren må straks søkje om godkjenning av ny styrrar dersom den tidlegare sluttar.

Styrrar og stedfortredar må vere over 20 år og ha dokumentert kunnskap om alkohollova og reglar gjevne med heimel i den. Vidare må styrrar og stedfortredar ha utvist uklanderleg vandel i høve til alkohollovgjevinga og reglar i anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sitt formål.

Kravet om å ha ein stedfortredar for styrraren kan fråvikast dersom det verkar urimeleg t.d. i høve til storleiken på salsstaden. Dersom det er aktuelt å søkje om fritak frå dette kravet, må det grunngjevast i søknadsskjemaet under punktet om stedfortredar.

## **Utsalsstaden:**

Her skal namn og adresse for utsalsstaden oppgjevast, vidare kva varesortiment som blir ført. Merk at det ikkje kan gjevast salsløyve for øl til bensinstasjon eller kiosk.

**Areal på utsalsstaden:**

Salsløyvet kan berre brukast i eit bestemt, godkjent lokale. Alle søkjarar skal legge ved teikning over salsarealet. Teikninga skal vere påført mål.

**Salstida for øl:**

Det er høve til å selje øl fram til kl. 18.00 på kvardagar og til kl. 15.00 på dagar før søn- og helgedagar.

Kommunen kan innskrenke eller utvide desse tidsgrensene, men kan ikkje tillate sal ut over kl. 20.00 på kvardagar og kl. 18.00 på dagar før søn- og helgedagar.

**ooooooooOooooo**